

---

**Fra:** Henry Fanebust <herfaneb@online.no>  
**Sendt:** 23. desember 2016 15:09  
**Til:** Benjamin Stephen Hicks  
**Emne:** Sak 499/16 Eikevik -LK sitt brev av 23.11.16 nådde aldri underteikna (nettets har lagt nede, jfr Televerket og vedl. mail)

Sak 499/16 - LINDÅS KOMMUNE SITT BREV OM  
RAMMELØYVE AV 23.11.16 ALDRI MOTTATT AV  
UNDERTEIKNA SLIK DET SKULLE

Hei!

Eg gjer med dette merksam på at kommunen sitt brev ovafor diverre aldri har nådd fram til underteikna. Nettet mitt har lagt nede i perioden medio nov. t.o.m. 20.12. (kan stadfestast av Telenor, også v/serie med tekstmeldingar frå Telenor mottatt på mobil). Det er heilt tilfeldig at eg no har funne dette brevet på kommunen si post-liste!, og ser at kopi skal vere sendt til meg. Det er Televerket sitt ansvar at nettet mitt har vore ute av drift, eg kjenner frå før til at eg også har mista andre viktige inngående mailar i perioden. Svært beklageleg.

Eg håpar eg kan påberope meg ein uttalefrist på 3 veker frå datoen eg oppdaga brevet (20.12.) Eg har trong for å kome med tilleggsopplysningar/kommentarar til delar av det, og må berre beklage at eg har vore forhindra frå å kunna gjera det i før. Særleg viktig for meg å kommentere at kommunen er nøydd å leggje meir vekt på den meirbelastninga av trafikk som det vil bli gjennom tunet (jfr. 4 parkeringsplassar, + ev. besøkande), og at det vil vere heilt uråd for Eikevik å overhalde dei 2 m han har veirett til i tunet, slik han seier han skal. Eg vil protestere på at kommunen kan gje Eikevik

automatisk veirett til ei ekstra bueining, kan ikkje sjå at kommunen har slik mynde.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust